

**Notat**Dato: 11.06.2018  
Arkivsak: 2018/9742-3  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Notat vedkomande St. Paul gymnas****Utrekning av kostnad ved oppretting av private skuleplassar****Effekt på rammetilskot**

St. Paul gymnas har søkt om å få opprette totalt 146 elevplassar innanfor studieførebuande utdanningsprogram. Når det vert oppretta private skuleplassar, vert rammetilskotet til fylkeskommunen redusert. Dersom ein legg til grunn satsar og elevtal frå 2018, ville 146 ekstra elevar ved St. Paul gymnas ført til ein reduksjon i rammeoverføringa til Hordaland fylkeskommune på om lag 14,3 mill. kroner.

Grunnlaget for utrekning av rammenedtrekket finn ein i [grønt hefte](#). Korreksjon for elevar i statlege og private skular er omtala på s. 10 i grønnt hefte.

*«Private skular blir finansierte gjennom statlege tilskot og eigenbetaling frå elevane, medan fylkeskommunale skular blir finansierte gjennom dei frie inntektene til fylkeskommunane. Når ein elev i eit fylke vel ein privat skule i staden for ein fylkeskommunal skule, vil fylkeskommunen sine utgifter knytt til denne eleven bli redusert vesentleg.*

*Kvart år blir samla rammetilskot til fylkeskommunane korrigerert for endringa i talet på elevar i private og statlege skular på landsbasis ("**trekkordninga**"). Gjennom trekkordninga blir den totale inntektsramma til fylkeskommunane justert med 80 pst. av gjennomsnittskostnadene for kvar nye elev i privat eller statleg vidaregåande opplæring (sjå tabellen over korreksjonar i rammetilskotet).*

*I tillegg til trekkordninga blir det gjort ei omfordeling mellom fylkeskommunane ("**korreksjonsordninga**"), der innbyggjartilskotet blir omfordelt ut frå talet på elevar i statlege og private skular i den einsskilde fylkeskommune. I korreksjonsordninga får fylkeskommunane eit trekk i innbyggjartilskotet for dei elevane dei har i statlege og private skular. Elevtalet som blir nytta i utrekninga av trekket i 2018 er gjennomsnitt av tal for 1. oktober 2016 og 1. april 2017. Det er skilt mellom fire kategoriar av undervisning:*

- Elevar som får vanleg undervisning
- Elevar ved skular med naturbruk
- Elevar som går på vidaregåande spesialskuler

- Elevar med opphald/som er innlosjerte ved skulen.

Samla trekk blir ført tilbake til alle fylkeskommunane etter deira del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen (sjå tabell A-fk).

Tabellen under viser trekksatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2018. Trekksatsane ligg under gjennomsnittskostnaden per elev på landsbasis, fordi ein reknar med at den marginale innsparinga knytt til ein elev er lågare enn gjennomsnittskostnaden.»

*Trekksatsar for elevar i statlege og private skular 2018:*

Kategori	Kroner per elev
Vanleg undervisning	109 300
Skular med naturbruk	134 200
Spesialskular	294 200
Opphald/innlosjering ved skulen	310 800

Tabellane under syner utrekning av effekt av utviding med 146 elevar ved St. Paul gymnas. Ved denne utrekninga er det lagt til grunn tal frå grønt hefte 2018. Trekksatsane for elevar i statlege og private skular i 2018 er nytta. Hordaland fylkeskommune sin del av utrekna utgiftsbehov (tabell D-fk kolonne 21) er nytta. Vidare er det for å kunne lage ei utrekning lagt til grunn at det berre er denne endringa som skjer i elevtal ved statlege og private skular.

**Bereking trekkordning**

	elevtal	kroner pr elev	trekk	
Skular med naturbruk (elevtal sjå kolonne 27 tabell E-fk)	29,7	kr 134 200	kr	3 985 740
Spesialskular (elevtal sjå kolonne 28 tabell E-fk)	28	kr 294 200	kr	8 237 600
Vanleg undervisning (elevtal sjå kolonne 26 tabell E-fk)	2710	kr 109 300	kr	296 148 350
Utviding St Paul	146	kr 109 301	kr	15 957 946
<b>Sum trekkordning inkl utving St Paul</b>	<b>2767</b>		<b>kr</b>	<b>324 329 636</b>

**Bereking korreksjonsordning**

Totalt trekk landsbasis (sum tabell A-fk kolonne 6)	kr 1 694 756 243
Hordaland sin del av berekna utg.behov (tabell D-fk kolonne 21)	0,10074089
<b>Sum korreksjonsordning med utviding St Paul</b>	<b>kr 170 731 252</b>

**Verknad av utviding St Paul**

Trekkordning Hordaland inkl utviding St Paul	kr 324 329 636
Tilbakeført i korreksjonsordning	kr 170 731 252
Ny redusert rammeoverføring med utviding St Paul	kr 153 598 384
Redusert rammeoverføring i 2018	kr 139 250 000
<b>Differanse =verknad av utviding St Paul</b>	<b>kr 14 348 384</b>

**Effekt på Hordaland fylkeskommune sine kostnader til klassar**

Samstundes vil det vere slik at Hordaland fylkeskommune skal gje tilbod til 146 færre elevar. Effekten det har, er usikker. Dersom det vert ein elev eller to mindre i klassane, er det uvisst kor mykje det påverkar det totale klassetalet, men effekten vil kunne vere lågare oppfylingsgrad i dei klassane vi startar.

Dersom ein kan leggje ned klassar, vil vår innsparing vere om lag 1,6 mill. kroner pr klasse. 146 elevar tilsvarar 5 klassar med om lag 29 elevar. Maksimal innsparing, dvs nedlegging av fem klassar, vil vere om lag 8,0 mill. kroner.

Fylkesrådmannen vil understreke at det er lite sannsynleg at vi får lagt ned 5 klassar. Det mest realistiske er at ein påbyggsklasse og ein studieførebuande klasse vert lagt ned. Effekten av ei slik endring er om lag 3,2 mill. kroner.

Dersom ein legg det til grunn at to klassar vert lagt ned medan resten av endringa skjer ved generelt lågare oppfylingsgrad i klassane, vil utviding av elevtalet med 146 på St. Paul gymnas vere at Hordaland fylkeskommune får 14,3 mill. kroner mindre i rammeoverføring, medan kostnadsnivået berre vert redusert med 3,2 mill. kroner.

